



Statens vegvesen

Radøy kommune
Krossvegen 8
5936 MANGER

Behandlende eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792	Vår referanse: 15/216306-2	Dykkar referanse: 15/1514 – 15/12401	Vår dato: 12.11.2015
------------------------------------	---	-------------------------------	--	-------------------------

Uttale – Søknad om dispensasjon fra arealføremål, byggehøgde og bygggrense – 4-mannsbustad – gnr. 88 bnr. 103 – Sæbø ytre – Radøy kommune

Vi syner til brev datert 20. oktober 2015.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for byggesak på Sæbø Ytre, gnr. 88 bnr 103 i Radøy kommune. Området er regulert til rekkehus eller kjeda bustad gjennom reguleringsplan Sæbøtunet, område B6. Denne reguleringsplanen omfattar også utviding og omlegging av fylkesveg 407 Sæbøvegen, som felt B6 har avkjørsel til. Denne del av planen er ikkje realisert, og det er heller ikkje knytt krav om rekkjefølge til opparbeiding av fylkesvegen.

Det vert søkt om dispensasjon til oppføring av 4 - mannsbustad i B6, samt omlegging av avkjørsel til fylkesveg, der heile avkjørsla er trekt lenger sør. Det vert også søkt om dispensasjon frå byggjegrense mot veg, slik den er synt i reguleringsplanen. Her skal det opparbeidast tilkomst frå internveg til bustadene. Ein mindre del av tilkomsten ligg innanfor byggjegrens.

Tomta har avkjørsel til fv. 409. Fartsgrensa er 80 km/t og vegen ligg i haldningsklasse 3 (mindre streng) jf. «*Rammeplan for avkjørsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)*». ÅDT på staden er 400.

Vidare saksgong:

Før Statens vegvesen handsamar søknader etter veglova skal tiltaket vere avklara etter plan - og bygningslova. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Vi har også klagerett i slike saker. I denne saka følgjer ei førehandsuttale til dispensasjonssaka.

Vurdering:

Postadresse Statens vegvesen Region vest Askedalen 4 6863 LEIKANGER	Telefon: 02030 firmapost@vegvesen.no Org.nr: 971032081	Kontoradresse Nygårdsgaten 112 5008 BERGEN	Fakturaadresse Statens vegvesen Landsdekkende regnskap 9815 Vadsø
---	--	--	--

Byggjegrense:

Statens vegvesen har ikkje merknad til søknad om dispensasjon frå byggegrense.

Avkørsel:

Avkørsel til fv 407 er ikkje bygd i samsvar med plan. Tiltakshavar må difor søke om løyve etter veglova §§ 40 – 43.

Tiltakshavar har vedlagt ei skisse over framlegg til ny avkørsel til fv 407. Statens vegvesen er kritisk til ei løysing for avkørsel som er vesentleg därlegare enn det som er regulert. Det kan ikkje pårekna denne avkørsla godkjent slik teikningane syner.

Når ein vurderer krav til avkørsler må ein mellom anna vurdere fartsgrense på staden, ÅDT, antal brukarar i avkørsla, dimensjonerande køretøy og forventa samfunnsutvikling i området. Vi ber difor om ei slik vurdering til søknaden. Det må også leggast ved lengdeprofiler. Vi minner elles om at føreseggnene til planen legg til grunn dimensjonerende køretøy jf. § 9.1.1. *Felles føresegner*. Siktkrav i kryss og avkørsler går elles fram av Handbok N-100.

Vidare saksgang for handsaming av avkørsla:

Radøy kommune er planmynde og avgjer søknader om dispensasjon frå godkjent plan.

Søknad om opparbeide anna avkørsel enn den regulerte, må handsamast av Statens vegvesen.

Eit eventuelt positivt vedtak frå kommunen si side må innehalde to vilkår knytt til avkørsla:

- Tiltakshavar må søke om endra avkørsel til Statens vegvesen
- Kommunen kan ikkje gje igangsetningsløyve til bustader før endra avkørsel er ferdig opparbeidd og godkjent i samsvar med vedtak etter veglova.

Vi ber om å få sendt over kommunen sitt vedtak til evt. klagevurdering.

Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.